



Iver



- **Sjå på denne jenta her, kva slags følelse trur de ho har?**
(Den er ganske lik glad ja, men dette er iver. Akkurat som den oransje figuren.)
- **Kva trur de skjer som gjer at ho kjenner iver?**
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Kanskje ho fekk lov til å halde på med favorittleiken sin? Eller kanskje ho har møtt ein god ven som ho likar ekstra godt å leike med? Kanskje held ho på med noko ho føler ho får til ekstra godt?)
- **Kva trur de jenta har lyst til no?**
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Når vi kjenner iver har vi oftast lyst å få lov å fortsette med det vi gjer på. Ofte likar vi også at vaksne legg merke til at vi trivast med det vi gjer, og viser at dei ser at vi har det kjekt.)
- **Kva trur de dei vaksne i barnehagen kan gjere slik at jenta synes det er greitt å kjenne iver?**
(Dei vaksne kan hjelpe til med den gøye leiken, vere ivrige saman med ho eller smile til henne).
- **Kva trur de ho tenker på?**
(La barna kome med døme, hjelp til ved behov. Når vi har gode følelsar har vi ofte gode tankar også. Kanskje ho tenker at ho håper dette varer lenge, eller at ho tenker at no var ho veldig flink eller veldig morosam?)
- **Finst det ulike måtar å føle iver på?**
(Ikkje alle blir like hoppande ivrige, nokon er stille og rolege når dei er ivrige. Alle måtar å føle iver på er like viktige og bra).